

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
23/00142-2

Saksbehandlar:
Elin Saga Kjørholt

Dato:
15. mars 2023

Barneombodets høyringsfråsegn - Endringar i smittevernloven (isolering og smittekarantene) og helseberedskapsloven (medisinsk utstyr)

Vi viser til høyringsnotat frå 3. februar og takkar for at vi får kommentera på lovendringa.

Smittevernlovens reglar om isolering og karantene opnar for store inngrep i individets friheit. Barneombudet er opptatt av at individets menneskerettar må stå sentralt i korleis desse reglane blir utforma. I Covid-19 pandemiens tidlege fase så vi at menneskerettane ikkje fekk den plassen i vurderingane som dei burde hatt. For barn og unge så vi at dei under heile perioden med restriksjonar blei særskilt hardt ramma, og Korona kommisjonen konkluderte med at myndighetene ikkje makta å skjerma barn og unge trass i at dette var ei uttalt målsetting.

Det er positivt at departementet omtalar barn særskilt, ref. s. 19 om at tiltak kan vera særskilt inngrapande for barn og unge. Vår erfaring er at omsynet til barn ikkje når opp i vurderingane som blir gjort. Det gjeld både under til pandemien og i anna utrednings- og lovarbeid. Dette skjer sjølv om Grunnlova og FNs barnekonvensjon som er norsk lov bestemmer at barnets beste skal vera eit grunnleggande omsyn i alle saker som vedgår dei. Vi meiner difor at departementet bør vurdere om omsynet til barn bør framhevast ytterlegare, for eksempel ved at det tas direkte inn i loveteksta. Dette kan for eksempel gjerast ved å leggje følgande formulering i § 4-3 siste ledd:

«Forskriften skal ta særleg hensyn til hvordan tiltak kan ramme sårbare grupper, for eksempel barn og unge».

Barneombodet ber om at den planlagde, fulle gjennomgangen av smittevernlova greier ut konsekvensane for barn gjennom [ein barnerettsvurdering](#).

Med venleg helsing

Ivar Stokkereit
fagsjef

Elin Saga Kjørholt
seniorrådgjevar

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo